

## Ettersending av dokument til formannskapet 09.02.2016

PS 28/16 – Finansiering av trafikktryggingstiltak - Parkering Oppigarden og Sollia barnehage s. 2

PS 29/16 – Innføring av flyskatt – høyring s. 26



## SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Asbjørn J. Aasebø

Arkivsak nr.: 2016/220

Arkivkode: 251

Utvalsaksnr

28/16

Utval

Formannskapet  
Kommunestyret

Møtedato

09.02.2016

### FINANSIERING AV TRAFIKKTRYGGINGSTILTAK/ PARKERING OPPIGARDEN/ SOLLIA BARNEHAGE

#### Administrasjonen si tilråding:

1. For å gjennomføre trafikktryggingstiltaket med justering av gangveg og utbetring av parkeringstilhøva ved Oppigarden og Sollia barnehage innanfor ei kostnadsramme på kr. 2.450.000. godkjenner kommunestyret:
  - låneopptak på kr. 1.960.000
  - momsrefusjon på kr. 490.000 vert tilbakeført prosjektet.
2. Vedtaket er gjort i medhald av kommunelova § 13.
3. Tiltaket vert finansiert innanfor den vedtekne låneramma for investeringsprosjekt i 2016 (som vist i saksutgreiinga).

#### Vedleggsliste:

1. Invitasjon anbodskonkurranse
2. Teikningar, oversiktsteikning og situasjonsplan

#### Uprenta saksvedlegg:

Reguleringsplan

#### Samandrag/ saksopplysningar av saka:

Planleggingsarbeid for å betre trafikktryggleiken ved dei 2 barnehagane vart starta opp i 2015. Trafikk i samband med levering og henting av ungar med tillegg i barnehagen og mange gåande og syklende på gangvegen langs Heltnevegen fører til kaotisk trafikktilhøve der farlege situasjonar oppstår.

Tilbodsdokument for anleggsarbeidet vart ferdig seint på hausten 2015, med utlysing på tilbod november 2015.

Lånemidlar knytt til prosjektet *Trafikktrygging og miljøtiltak* vart brukt opp ved avslutning av investeringsrekneskapen for 2015. Tiltaket er såleis ikkje er finansiert.

Rådmann tilrår at tiltaket på kr. 2,45 mill.kr vert finansiert med:

- nødvendig låneopptak på kr. 1.960.000
- momsrefusjon kr. 490.000

Rådmannen tilrår at låneopptaket vert gjort innanfor den vedtekne låneramma for investeringsprosjekt i 2016. Dette skjer ved å redusere løyvinga til Ny Øyra skule med tilsvarende beløp. Det er ikkje intensjonen å redusere løyvinga til dette prosjektet. Same beløp (2,45 mill kr) vert tatt inn igjen på prosjektet ved handsaminga av investeringsbudsjettet for 2017 (desember 2016).

### **Vurdering og konklusjon:**

Teknisk administrasjon la til grunn at tiltaket kunne gjennomførast for vesentleg lågare ressursar og slik sett kunne ta det over drifta. Når tiltaket vart planlagt og prosjektert og anboda kom inn, så viste det seg at tiltaket var meir omfattande for å gjennomføre nødvendig arbeid for å sikre trafikkforholda og gjere i stand området. Ideelt sett burde ein ha sett dette i forkant for å få dette inn som eit investeringsprosjekt i budsjettet, og helst i samband med trafikktryggingssplanen. Ettersom dette er eit trafikkert område i samband med levering og henting av barn, samtidig som avkøyrings- og parkeringsløyvingane er direkte trafikkfarlege, så rår rådmannen til at tiltaket vert godkjent.

Rådmann tilrår at tiltaket på kr. 2.450.000 vert finansiert med:

- Låneopptak på kr. 1.960.000
- momsrefusjon kr. 490.000

Låneopptaket skjer innanfor den vedtekne låneramma for investeringsprosjekt i 2016.

Tiltaket vart utlyst på anbod i fjor haust. Det er teke atterhald om godkjent finansiering. Vedståingsfristen for anbudet går ut 10. februar. Entreprenøren kan akseptere å utvide fristen til etter at kommunestyret har handsama saka. Samtidig er det uheldig at entreprenøren skal vente ytterlegare 14 dagar på at kommunen kan ta avgjerd i saka. Formannskapet får vurdere om saka skal avgjerast etter hasteparagrafen i kommunelova.

### **Helse og miljøkonsekvensar:**

Tiltaket vil vere ein vesentleg betring av trafikktryggleiken ved Oppigarden og Sollia barnehage.

### **Økonomiske konsekvensar:**

Vil auke kommunen sin lånegjeld.

**Beredskapsmessige konsekvensar:**

Ikkje vurdert.

**Naturmangfaldlova:**

Uaktuelt.

Rune Sjurgard  
Rådmann

Kjell Magne Rindal  
konstituert teknisk sjef

**Utskrift av endeleg vedtak:**

Økonomiavdelinga


Revisor

Kommunalteknisk avdeling

VOLDA KOMMUNE  
KOMMUNALTEKNISK AVDELING

INVITASJON TIL ANBODSKONKURRANSE  
PARKERING OPPIGARDEN/SOLLIA BARNEHAGE

DATO: 15.10.2015



Innhald:	
DEL A: PROSJEKTINFORMASJON.....	4
A1. Dokumentliste .....	4
A2. Tilbodsinnbyding .....	4
A3. Orientering om prosjektet.....	5
A3.1 Type arbeid og omfang .....	5
A3.2 Byggetid .....	5
A3.3 Atterhald om løyver, finansiering, etc. ....	5
A3.4 Entrepriseform og kontraktstype.....	5
A3.5 Oppdragsgivar sin organisasjon .....	5
A3.6 Oppdragsgivar si organisering av SHA .....	6
A3.7 Spesielle forhold på byggeplassen .....	6
DEL B: KONKURRANSEREGLAR OG KVALIFIKASJONSKRAV .....	7
B1. Konkurransereglar .....	7
B1.1 Alminnelege konkurransereglar.....	7
B1.2 Spesielle konkurransereglar .....	7
B2 Krav til leverandør .....	7
B2.1 Kvalifikasjonskrav .....	7
B2.2 Tildelingskriterier .....	8
B3 Krav til tilbod .....	8
DEL C: KONTRAKTSBESTEMMELSAR .....	9
C1 Alminnelege kontraktsbestemmelsar .....	9
C2 Spesielle kontraktsbestemmelsar .....	9
C2.1 Kommunikasjon.....	9
C2.2 Justering av arbeidsomgang.....	9
C2.3 Framdrift .....	9
C2.4 Utanlandsk arbeidskraft.....	9
C2.5 Tariffavtalar .....	9
C2.6 Etske og sosiale krav.....	10
C2.7 Nasjonal lovgiving tvangsarbeid.....	10
C2.8 Diskriminering .....	10
C3 Avtaledokument .....	10
DEL D: BESKRIVANDE DEL .....	11
D1 Beskrivelse av byggeprosjekt .....	11

D1.1 Detaljbeskriving .....	11
D2 Teikningar og supplerande dokument til beskrivinga .....	11
D2.1 Teikningsliste .....	11
<b>DEL E: SVARDOKUMENT - SKAL FYLLAST UT AV LEVERANDØR .....</b>	<b>12</b>
E1 Dokumentasjon frå leverandør.....	12
E1.1 Generelle opplysningar .....	12
E1.2 Dokumentasjon av kvalifikasjonskrav til leverandør.....	12
E1.3 Dokumentasjon av tildelingskriteria pris, kapasitet og referansar .....	13
Underleverandørar og samarbeidspartnarar:.....	13
E2 Utfylt beskrivelse .....	13
E3 Tilbodsskjema .....	13
E3.1 Prissamandrag .....	13
E3.2 Tidsfristar (del av tildelingkriteria under kapasitet/framdrift).....	14
E3.3 Påslag og timesprisar.....	14
E3.4 Underskrift .....	15
E4 HMS-erklæring .....	16

## DEL A: PROSJEKTINFORMASJON

### A1. Dokumentliste

1. Invitasjon til anbudskonkurranse, datert 15.10.2015
2. D1 Detalj- og mengdebeskrivelse etter NS3420, NO-201501, 4. utg.
3. D2 Teikningar

### A2. Tilbodsinnbyding

Volda kommune v/kommunalteknisk avdeling inviterer til open anbudskonkurranse for utviding av parkeringsplass og opparbeiding av gang og sykkelveg, intern køyreveg, samt ny tilkomst til barnehagen i Volda kommune.

Tilbud skal gjevast på grunnlag av denne anbudsbeskrivelsen (Del A – E), samt alle tilleggskdokument jf. punkt D2.

Anbudsgrunnlaget vert lagt ut på DOFFIN-databasen, for nedlasting.

Anskaffelsesprosedyre: Open anbudskonkurranse iht. FOA § 4-2 a

Konkurransen er: Kunngjort på Doffin.no

Kvalifikasjonskrav: Sjå Del B2

Anbudssynfaring: Det blir ikkje halde noko felles synfaring for denne entreprisen.  
For evt. spørsmål, ta kontakt med byggherre v/kontaktperson Dag Dårflot.

Innleveringsfrist: **11.11.2015 kl. 12.00**  
Tilbudet skal sendast/leverast til Per Mulvik AS si kontoradresse.  
Leverandør har ansvar for at tilbudet når fram til Per Mulvik AS sine lokale eller postkasse innan fristen. Sein levering via postsending skjer på anbydar sitt ansvar, postkassa blir sist sjekka ved tidspunkt for innleveringsfrist.

Anbudssopning: Tilboda opnast hos Per Mulvik AS, etter utløpet av innleveringsfrist.  
Leverandør (tilbydar) har ikkje høve til å delta under tilbudsopninga.

Vedståingsfrist: Entreprenøren skal stå ved tilbudet 90 dagar etter innleveringsfrist.

Tilbudet skal leverast på papirform i lukka konvolutt merka: "**Parkering Oppigarden/Sollia barnehage**".  
Dersom leverandør har motteke anbudet i \*.GAB format eller som NS3459-fil, er det ynskjeleg at ein i tillegg leverer tilbudet også på dette formatet på CD-plate eller minnepenn. Tilbud levert elektronisk (e-post, SMS el. tilsvarande), eller kun på CD/minnepenn vert avvist.

Tilleggsopplysningar kan gjevast seinast 5 dagar før utløp av tilbudsfrist.

For Per Mulvik AS  
15.10.2015



Anders Nupen  
Prosjektingeniør



## A3. Orientering om prosjektet

Prosjektet gjeld utviding av eksisterande parkeringsplass, gang- og sykkelveg, intern køyreveg for barnehagane Oppigarden og Sollia, i tillegg skal det opparbeidast ny tilkomst til Sollia barnehage. Det skal byggast parkeringsplass for om lag 32 bilar (herav er 11 parkeringsplassar korttidsparkering og resterande langtidsparkering), oppheva gang- og sykkelveg (med nedsenk for avkøyrslar), natursteinsmur, kantstein, ny belysning for veg og parkeringsplass, overvasshandtering og tilrettelegging for framtidig fiber.

### A3.1 Type arbeid og omfang

Type byggverk/anlegg:	Opparbeiding av parkeringsplass, veg og G/S-veg
Fagområde som omfattast:	Grunnarbeid og landskapsutforming, tiltaksklasse 2 Innmåling og utstikking av tiltak, tiltaksklasse 2
Tilleggsopplysningar:	Det er ikkje utført grunnundersøkingar i området. Ein føreset at det er 40cm med matjord over lausmassar. Fjell er observert opp i dagen ved eksisterande inngangsparti (Sollia) og ein antek difor at det er fjell enkelte stadar i området. Postar for dette blir oppgjort etter medgatte mengder. Overgangar mellom eksisterande og prosjekterte vegar/terreng tilpassast på staden. Ved opparbeiding av anlegget må det takast omsyn til alle private og offentlige bygningar samt leidning- og kabelanlegg m.m. All skade som skuldast aktløyse eller feil frå tilbydar si side, må tilbydar utbetre for eiga rekning.

### A3.2 Byggetid

Forventa oppstartsdato for arbeida:	Snarleg etter kontraktsinngåing (26.11.15)
Forventa ferdigstilling:	Ferdigstillast seinast innan 01.07.16

### A3.3 Atterhald om løyver, finansiering, etc.

Tiltakshavar tek atterhald om å kunne avlyse konkurransen dersom det er sakleg grunn for det, t.d. ved bortfall av planlagt finansiering eller manglande godkjenning etter offentlig regelverk.

Byggherren tek atterhald om nødvendige godkjenningar i offentlig organ for å kunne sette i gang arbeida.

### A3.4 Entrepriseform og kontraktstype

Kontrakt:	Formular for kontrakt om utførelse om bygge- og anleggsarbeider. NS 8406 A Forenklet norsk bygge- og anleggskontrakt.
Entrepriseform:	Generalentreprise ihht. NS3450

### A3.5 Oppdragsgivar sin organisasjon

Byggherre/ oppdragsgivar:	Volda kommune v/kommunalteknisk avdeling Stormyra 2, 6100 Volda Kontaktperson: Dag Dårflot Tlf: 994 65 002 E-post: dag.darflot@volda.kommune.no
---------------------------	---

Rådgivar for bygg (RIB) : Per Mulvik AS  
 Holmen 7, 6100 Volda  
 Kontaktperson: Anders Nupen  
 Tlf: 700 74 990 / 911 03 405  
 E-post: anders@mulvik.no

Byggherre vil før byggestart vurdere om det skal engasjerast ekstern byggeleiar for prosjektet.

### A3.6 Oppdragsgivar si organisering av SHA

Før arbeida vert sett i gang, skal det utarbeidast SHA-plan ihht. Byggherreforskrifta for prosjektet.

SHA-koordinator for prosjektering (KP): Per Mulvik AS  
 SHA-koordinator for utføring (KU): Generalentreprenøren

Hovudbedrift (HB) ism. Arbeidsmiljøloven §2.2: Generalentreprenør skal ha rolle som hovudbedrift. HB vil få ansvar for å samordne HMS-arbeid på byggeplassen, og ansvar for innsending av blankett (bestillingsnr. 369 E) "Forhåndsmelding av arbeidsplass hvor det utføres midlertidig eller skiftende bygge- eller anleggsarbeid" til Arbeidstilsynet.

### A3.7 Spesielle forhold på byggeplassen

Lokalisering av oppdraget: Volda kommune, Heltnevegen, Gnr 19 Bnr 462 og Gnr 20 Bnr 159  
 Område: Ligg i eit eksisterande område med parkeringsplass og uteareal til barnehagen.

Parkeringsplassen tilhører og betener barnehagane Oppigarden og Sollia. Tilbydar må under utførselsfasen ta spesielt hensyn til ungane i barnehagen og sikre uteområde, samt for bil- og persontrafikken som er i området. Tilbydar må legge opp arbeidet slik at tilkomsten til barnehagane ikkje blir stengd i arbeidstidene. Ved omlegging av tilkomsten til Sollia barnehage, må det etablerast ein trygg og sikker midlertidig tilkomst. Dei mjuke trafikkantane langs Heltnevegen skal også sikrast under utførselsfasen, eventuell omlegging av gangveg skal sikkrast mot trafikken.

Tilbydar kan ikkje stenge heile området på ein gang, ein må difor legge opp arbeidet slik at om lag halvparten av parkeringsplassane er tilgjengelig under byggeprosessen. Avsperring av områda skal skje etter nærmare avtale med barnehagestyrarar og kommunens representant, dette blir avklart nærmare under kontraktforhandlingar/byggemøte.

Det er ikkje noko ledig tilgjengelig areal til riggområde ved byggeplassen, tilbydar kan evt. sette ein brakke med alle fasilitetar på parkeringsplassen. Straum, vatn og avløp må tilbydar sjølv syte for. Elles må tilbydar legge opp arbeidet slik at det ikkje krev store lagerområde.

## DEL B: KONKURRANSEREGLAR OG KVALIFIKASJONSKRAV

### B1. Konkurransereglar

#### B1.1 Alminnelege konkurransereglar

Anbudskonkurransen skal gjennomførast etter :

- Lov om offentlige anskaffelser
- Forskrift om offentlige anskaffelser FOA del I og II

#### B1.2 Spesielle konkurranseregler

Ingen.

### B2 Krav til leverandør

Byggherren set krav til at leverandøren har erfaring, kvalifikasjonar, økonomi og kompetanse for gjennomføring av oppdraget.

#### Ansvarsrett

Det leggst til grunn at tiltaket krev ansvarsrett etter Plan- og bygningslova (PBL2008/SAK10) og at arbeida krev ansvarsrett i tiltaksklasse som nemnt i punkt A3.1.

Det er bygningsmynde som endeleg avgjer kva godkjenningssområde/tiltaksklasser arbeida krev. Leverandøren har ansvaret for at han har, eller får innvilga godkjenning innanfor dei aktuelle godkjenningssområda som arbeida krev.

#### B2.1 Kvalifikasjonskrav

Byggeherre krev at leverandør dokumenterer fylgjande for å vere kvalifisert til å gi tilbod.

Kva	Kvalifikasjonskrav
Attestar frå myndigheiter	Leverandør skal ikkje ha uteståande fordringar til myndigheiter som skatt eller mva.
Organisatoriske og juridiske stilling	Leverandør og alle underleverandørar skal vere lovlig organisert.
Økonomisk og finansiell kapasitet	Leverandør må vise til tilfredsstillande økonomisk styrke og stabilitet.
Teknisk kompetanse og personell	Leverandør må framlegge dokumentasjon for nøkkelpersonell og utstyr

Dokumentasjon for dette skal vere i samsvar med punkt E 1.2

## B2.2 Tildelingskriterier

Ved vurdering av innkomne tilbud vil følgjande kriteriar bli vurdert og vekta i samband med tildeling av kontrakt. (iht. tabell E1.3):

Kva	Kriterier	Vekting
Pris	Tilbodsum eks. meirverdiavgift	75 %
Kapasitet (Framdrift)	Enkel framdriftsplan som viser gjennomføringstid frå oppstart til ferdigstilling. Utfylling av E3.2 Tidsfristar.	15 %
Referansar	Referanseliste for dei siste 5 år med relevans til dette oppdraget.	10 %

### Vurdering av kriteriar

Dei enkelte kriteria blir evaluerte og gitt karakter i ein skala frå 1 til 10, der 10 er høgaste karakter. Saman med den prosentvise vektinga av kriteriane, gir dette ein samla poengmessig evaluering av tilboda.

$$S = \left( \frac{P_{min}}{P_x} * 10 \right) * C$$

der

$S$  er poeng (score) som blir tildelt den enkelte leverandør/tilbydar

$P_{min}$  er lågaste tilbodspris eks. mva. av alle innkomne tilbud

$P_x$  er leverandøren som skal tildelast poeng sin tilbodspris eks. mva.

$C$  er vekting av dei forskjellige kriteria, oppgitt i prosent %

For priskriteriet blir det gitt 10 poeng til lågast pris. For dei høgare prisane blir poeng gitt ved å dividere lågaste pris med dei respektive høgare prisane. Kvotienten multipliserast med 10, som gir eit produkt mellom 0 og 10. Dette produktet multipliserast med vekting for det enkelte kriteriet i prosent.

Poeng for framdriftskriteriet blir utrekna etter same prinsipp.

Poeng for referansekriteriet blir gitt etter ei objektiv vurdering med grunnlag i leverandøren si referanseliste.

## B3 Krav til tilbud

- Del E "Svardokumenter" skal fyllast ut og leverast komplett, inklusive alle vedlegg.
- Vedlegg D1 "Detalj- og mengdebeskriving" skal leverast i komplett utfylt
- Framdriftsplan jf. E3.2.
- Det er ikkje høve til å gje pris på alternative tilbud.

Tilbod med tilhøyrande dokument skal utformast på norsk.

## DEL C: KONTRAKTSBESTEMMELSAR

### C1 Alminnelege kontraktsbestemmelsar

Bestemmelsar gitt i «NS 8406 A: Forenklet norsk bygge- og anleggskontrakt» leggest til grunn for avtale om utføring av dette oppdraget.

### C2 Spesielle kontraktsbestemmelsar

#### C2.1 Kommunikasjon

Leveransen omfattar arbeid der kommunikasjon er viktig for å sikre kvalitet og tryggleik for personar og omgjevnadar for gjennomføring av kontraktsarbeidet.

Det er difor eit krav til leveransen at nøkkelpersonar som skal leie kontraktsarbeidet handterer det norske tale- og skriftspråket og er tilgjengeleg på byggeplass. All kommunikasjon i høve leveransen skal mellom leverandør og byggherren (evt. byggherren sin representant) gå føre seg på norsk.

#### C2.2 Justering av arbeidsomgang

Oppdragsgivar har høve til å foreta justeringar i arbeidsomfanget dersom tilbodssummen har avvik i høve til kostnadsramma. Slik justering kan også utførast etter kontraktsinngåing, ihht. oppgjer for postar med regulerbare mengder. Dette kan mellom anna føre til utviding eller reduksjon av arbeidsomfanget. Tiltakshavar har rett til å foreta endringar i anbudet eller uttaking av einskilde postar.

#### C2.3 Framdrift

Barnehagane grensar inn mot kvarandre og har felles parkeringsplass og trafikkareal. På grunn av den «harde» trafikkbelastninga på området, skal tilbydar gjennom prosjektet ha fokus på å framdrift, der arbeidet skal skje samanhengande utan unødvendige stopp, samt på ein sikker og forsvarleg måte. Byggherren krev at det skal vere kontinuerleg drift på anlegget utan unødvendige stopp.

#### C2.4 Utanlandsk arbeidskraft

Dersom entreprenøren vil benytte seg av utanlandsk arbeidskraft enten via innleigd eller ved ansattelsesforhold i oppdrag, står entreprenøren ansvarleg for at oppdragsgivar sine plikter mht. rapportering til myndigheitene for engasjert eller innleigd arbeidskraft blir foretatt i samsvar med regelverket. Entreprenøren er likedan ansvarleg for å sikre at eventuelle underentreprenørar oppfyller dei same krava. For innleige av utanlandsk arbeidskraft er entreprenøren ansvarleg for å utføre oppdragsgivars pliktar etter lovverket.

#### C2.5 Tariffavtalar

Arbeidet er omfatta av foreskrift om almenngjering av tariffavtalar etter allmenngjøringsloven §3. Entreprenøren sine arbeidstakarar og arbeidstakarar hos underentreprenøren skal ha minst dei same løns- og arbeidsvilkår som følgjer av almenngjøringsforskriften. Entreprenøren er pliktig å opplyse underentreprenøren om dette.

## C2.6 Ethiske og sosiale krav

Kunden forvaltar fellesskapet sine ressursar og har eit ansvar for å anskaffe varer og tenester som er produsert på ein lovlig og etisk forsvarleg måte.

Leverandør er forplikta til å etterleve kunden sine etiske og sosiale krav i eiga verksemd, samt bidra til etterleving hos den eller dei underleverandørar som medverkar til oppfyljing av denne kontrakta.

Kunden, eller den han bemyndar, har rett til å gjennomføre anmeldte eller uanmeldte kontrollar på produksjonsstaden i kontraktsperioden. I tilfelle kontroll pliktar leverandør å oppgi namn og kontaktopplysningar på underleverandør.

Ved avtaleoppfølging, eller ved eventuell mistanke om misleghald, tilfell all dokumentasjonsplikt leverandør.

Menneskerettar

Leverandøren skal respektere FN si verdserklæring om menneskerettar.

Nasjonal lovgivning

Arbeidsretten og arbeidslovgivninga der produksjonen finn stad skal etterlevast. Av særleg relevans framhevast løns- og arbeidstidbestemmingar, helse, miljø og sikkerheit, lovfesta forsikringar og sosiale ordningar, samt regulære ansettelsesforhold, inklusive arbeidskontraktar.

## C2.7 Nasjonal lovgiving tvangsarbeid

(ILO-konvensjonen nr 29 og 105)

Det skal ikkje foregå noka form for tvangsarbeid eller ufrivillig arbeid.

Arbeidarane må ikkje levere depositum eller identitetspapir til arbeidsgivar, og skal vere fri til å avslutte arbeidsforholdet med rimelig oppseiingstid.

## C2.8 Diskriminering

(ILO-konvensjonen nr 100 og 111)

Det skal ikkje foregå noka diskriminering i arbeidslivet basert på etnisk tilhørigheit, religion, alder, uførheit, kjønn, ekteskapsstatus, seksuell orientering, fagforeningsmedlemskap eller politisk tilhørigheit.

## C2.9 Entreprenørens sikkerheitsstillelse

Tilbydar stiller sikkerheit i form av bankgaranti for sine kontraktsforpliktelsar, 10% av kontraktssum.

## C3 Avtaledokument

Byggeblankett NS 8406 A skal nyttast for avtale om utføring av dette oppdraget.

## DEL D: BESKRIVANDE DEL

### D1 Beskrivelse av byggeprosjekt

#### D1.1 Detaljbeskriving

Det visast til vedlegg D1 Detalj- og mengdebeskriving etter NS3420, NO-201401, 4. utg.

### D2 Teikningar og supplerande dokument til beskrivinga

#### D2.1 Teikningsliste

Teikningsnr.	Teikningstittel	Målestokk	Teikningsdato
A-101	Framsida	-	-
A-102	Teikningsliste	-	01.10.2015
B-100	Oversiktsteikning	1:750	01.10.2015
C-100	Situasjonsplan	1:500	01.10.2015
C-101	Lengdeprofil G/S-veg	1:500 / 1:250	01.10.2015
C-102	Lengdeprofil gangveg BHG	1:250	01.10.2015
F-100	Normalprofil	Sjå ark	01.10.2015
F-101	Snitt A-A	1:100	01.10.2015
F-102	Snitt B-B	1:100	01.10.2015
H-200	VA-plan	1:500	01.10.2015
GH-300	Sandfangkum	1:25	01.10.2015
IN-100	Lysmastplan	1:500	12.10.2015
IN-101	Trekkerør fiber	1:500	-
IN-102	Kabelkart Mørenett(eksisterande kabel)	1:500	14.09.2015
IN-103	Kabelkart Telenor (eksisterande kabel)	1:1000	-
IN-104	Kabelkart Canal Digital (eksisterande kabel)	1:1500	24.09.2015
J-100	Prinsippskisse natursteinsmur	1:100	01.10.2015
R-101	Skisse Volda kommune	-	-
U-100	Tverrprofil parkeringsplass	1:200	01.10.2015

## DEL E: SVARDOKUMENT - SKAL FYLLAST UT AV LEVERANDØR

### E1 Dokumentasjon frå leverandør

#### E1.1 Generelle opplysningar

Firmanamn	
Postadresse	
Organisasjonsnummer	
Dagleg leiar	
Kontaktperson	
Telefon / mobiltelefon	
E-post	

#### E1.2 Dokumentasjon av kvalifikasjonskrav til leverandør

Dokumentasjon	Vedleggsnr.:
<i>Attestar frå myndigheiter</i>	
Skatteattest. <i>Attest skal ikkje vere eldre enn 6 mnd frå innleveringsdato Utanlandske leverandørar skal legge fram attester frå tilsvarende myndigheiter som dei norske</i>	
Mva.-attest. <i>Attest skal ikkje vere eldre enn 6 mnd frå innleveringsdato Utanlandske leverandørar skal legge fram attester frå tilsvarende myndigheiter som dei norske</i>	
<i>Organisatorisk og juridisk stilling</i>	
Firmaattest <i>Utanlandske leverandørar skal dokumentere at selskapet er registrert i bransjeregister eller føretaksregister som er i samsvar med lovene i det landet leverandøren er registrert.</i>	
HMS-egenerklæring <i>Gjeld også for eventuelle underliggende entrepriseforhold</i>	
<i>Økonomisk og finansiell kapasitet</i>	
Føretakets siste 3 års beretning, samt nyare opplysningar som har relevans til føretakets regnskapstal	
Foretaket sitt årsrekneskap eller utdrag frå dette	
<i>Teknisk kompetanse og personell</i>	
Bemanning for oppdraget (organisasjonsplan) med namn og CV for nøkkelpersonar som skal utføre oppdraget	
Beskrivelse av utstyr, maskinpark eller anna tilgjengelig utstyr med relevans for utførelsen av denne kontrakten	



### E1.3 Dokumentasjon av tildelingskriteria pris, kapasitet og referansar

Dokumentasjon	Vedleggsnr.:
<i>Pris</i>	
Opplysning om /utfylling av prisar	
<i>Kapasitet (Framdrift)</i>	
Opplysning om /utfylling av punkt E3.2 Tidsfristar	
<i>Referansar</i>	
Referanseliste for dei siste 5 år med relevans til dette oppdraget	

#### Underleverandørar og samarbeidspartnarar:

Leverandør skal oppgi namn på foretak og foretaksnr. som han vil knytte til seg i prosjektet (dersom aktuelt). Fyll inn i tabell:

Foretak	Fag-/arbeidsområde

### E2 Utfylt beskrivelse

Leverandør skal levere tilbud i papirform saman med vedlegg D1 Detalj- og mengdebeskrivelse med utfylte einingsprisar og delsummar.

### E3 Tilbodsskjema

#### E3.1 Prissamdrag

Kapittelnr.	Delkapittel, beskriving av fag	Delpris [NOK] eks. mva.
01		
02		
03		
04		
05		
06		
07		
Tilbodsum eksklusive meirverdiavgift		
+25 % meirverdiavgift		
Tilbodssum inkl. meirverdiavgift		

### E3.2 Tidsfristar (del av tildelingkriteria under kapasitet/framdrift)

Tidspunkt	Kalenderdagar
Alt arbeid kan frå oppstart til ferdigstilling utførast i løpet av antall kalenderdagar:	
Alt arbeid kan startast opp på antall dagars varsel (frå opplyst oppstartsdato):	

### E3.3 Påslag og timesprisar

#### Administrasjon av sideentreprisar (fyllast ut informativt og nyttast dersom aktuelt)

For administrasjon av sideentreprisar påreknast vårt påslag på entreprisane sine totale vederlag eksklusiv meirverdiavgift med fylgjande sats:

	Prosent (%) påslag
Administrasjon og framdriftskontroll:	%

#### Tiltransport (fyllast ut informativt og nyttast dersom aktuelt)

Vårt tilslag på tiltransportert(e) kontrakt(er) er ..... % av det endelege og totale vederlaget eksklusiv meirverdiavgift til tiltransportert(e) entreprenør(er)

#### Rekningsarbeid

For eventuelle rekningsarbeid og pålagt overtid gjeld fylgjande prisar og påslag:  
Timesprisane inkluderer alle påslag eks. mva.

Mannskapstimar inkl. bruk av verktøy og småmaskinar med innkjøpspris mindre enn kr. 10.000,- vert oppgjort på basis av godkjende timelister.

	Normaltid [kr/t, eks.mva.]
Fagarbeidar	
Hjelparbeidar	
Lærling	
Sakshandsamar/ingeniør/teknikar	

Kalkulasjonsfaktor (k) for materialleveransar: Sjølvkost tillagt alle påslag (administrasjon og forteneste)	
k=	%

### E3.4 Underskrift

Dette tilbudet er supplert med tilbodbrev datert .....

Stad	Dato
Leverandør si underskrift	

## E4 HMS-erklæring

Eigenfråsegn om helse, miljø og sikkerheit

Denne stadfestinga gjeld:

Firma	
Adresse	
Postnr./-stad	
Land*	

Vi stadfestar med dette at denne verksemda arbeider systematisk for å oppfylle krav i helse- miljø- og sikkerheitslovgivninga og ved det tilfredsstillar krava i forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerheitsarbeid i verksemda (Internkontrollforskrifta) fastsett ved kgl.res. av 6.des.1996 nr.1127 i medhald av lov av 4.feb.1977 nr.4 om arbeidarvern og arbeidsmiljø m.v.

Vi stadfestar at verksemda er lovleg organisert i samsvar med gjeldande skatte- og arbeidmiljøregelverk når det gjeld dei tilsette sine faglege og sosiale rettar.

Vi aksepterer at oppdragsgjevar etter anmodning vil bli gitt rett til gjennomgåing og verifikasjon av verksemda sitt system for ivaretaking av helse-, miljø og sikkerheit.

Stad	Dato	Sign (dagleg leiar) og firmastempel

Vi stadfestar med dette at det er iverksatt systematiske tiltak for å oppfylle ovanfornevnte krav i helse-, miljø- og sikkerheitslovgivninga.

Stad	Dato	Sign (dagleg leiar) og firmastempel


\* For utanlandske oppdragstakarar gjeld følgjande:

Vi stadfestar med dette at det ved utarbeiding av tilbudet er teke omsyn til helse-, miljø- og sikkerheitslovgivninga som følgjer av forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerheitsarbeid i verksemda (Internkontrollforskrifta), fastsett ved kgl.res. av 6.des.1996 i medhald av lov av 4.feb.1977 nr.4 om arbeidarvern og arbeidsmiljø m.v.

Vi aksepterer at oppdragsgjevar etter anmodning vil bli gitt rett til gjennomgåing og verifikasjon av verksemda sitt system for ivaretaking av helse-, miljø og sikkerheit.

Stad	Dato	Sign (dagleg leiar) og firmastempel

2



PROFIL NR. 0.00


TERRENG H. 101.86

0

99.91

97.61

Revisjon	Revisjonsbeskr.	Sign.	Rev. dato
<b>Firma</b> Firma: Mulvik AS Postboks: Holmen 7 Postkodeliste: Holmen 7 Postboks: 6100 Volda Org.no: 941 987 516			
Serzial: 70 07 49 00 Direkte: 70 07 49 06 Mob: 91 10 34 02 E-post: andreas@mulvik.no			
<b>Prosjektnavn:</b> Parkering Oppigarden/Sollida			
<b>Eiendomsnavn:</b> Volda kommune, komm teknisk avd. Stormyra 2 6100 Volda			
<b>Prosjektleder:</b>  www.mulvik.no			
<b>Tittel:</b> Snitt B-B		<b>Tekniske AN:</b> AN Dato: 01.10.15 Kontroll av: JAO Dato: 01.10.15 Erstattet av:	
<b>Tekningstype:</b> Byggemeldingstekning			
<b>Prosjekt:</b> 2162	<b>Tekning:</b> F-102	<b>Målestokk:</b> 1:100	<b>Rev.:</b>




PROFIL NR. 0.00  
 TERRENG H. 96.63

94.17

93.99

Revisjon	Revisjonsnotat	Sign.	Rev dato
<b>Firma</b> Firma: Tor Mulvik AS Fødselsdato: Holmen 7 Postnr./steds: 6100 Volda Org.nr.: 941 987 516 Sentral: 78 07 49 90 Direkte: 78 07 49 90 Mob: 01 18 34 05 E-post: anders@mulvik.no			
<b>Prosjektname:</b> Parkering Oppigarden/Sollida			
<b>Oppdragsnavn:</b> Volda kommune, komm.teknisk avd. Stormyra 2 6100 Volda			
<b>Prosjektansvar:</b>  <b>mulvik</b> www.mulvik.no			
<b>Titel:</b> Snitt A-A		<b>Tekna av:</b> AN <b>Dato:</b> 01.10.15 <b>Rev. av:</b> JMO <b>Dato:</b> 01.10.15 <b>Lisensiering:</b>	
<b>Tekningstype:</b> Byggemeldingstekning			
<b>Prosjekt nr.:</b> 2162	<b>Tekn. nr.:</b> F-101	<b>Målestokk:</b> 1:100	<b>Rev:</b>

# Normalprofil Parkeringsplass / G/S-veg 1:100



Merknader

- ① Sjå teikning J-100 for mer detaljar
- ② Sjå teikning SH-300 for mer detaljar

Dokumentasjon
Arbeidsteikning
Anbodsteikning
Søknadsteikning
Planframlegg
Skisse

Rev. 01	Rev. 02	Rev. 03	Rev. 04

Prosjektname:  
Parkering Oppigarden/Sollia barnehage

Oppdragsgiver:  
Valda kommune

muluk






Fax Muluk AS: 70 87 40 80  
 Hønen 7: 91 187 516  
 6100 Venås: 73 97 49 90


Hjemmeside: www.muluk.no  
 Org.no: 911 887 516  
 Selsk.no: 73 97 49 90

Døstid: 70 87 40 80  
 Mobil: 91 187 516  
 E-post: firmapost@muluk.no

Titel: Normalprofil	Antv.: RIB
	Tekstfor: AN
	Dato: 01.10.2016
	Forfatter: JMO
	Dato: 01.10.2016

Prosjekt: 2162	Tekstnr.: F-100	Midtårsk:	Rev:
-------------------	--------------------	-----------	------





### Teiknforklaring

- Keyveg/man. areal
- Parkeringsplassar
- Gangveg/gangareal
- Støttemur
- Renovasjon
- Senterlinje
- Parkeringsfelt
- Forstøtningsmur
- Sikringsgjerd
- Måle-/avstandslinje
- Teiggrense
- Innmåt autovern

Revisjon	Revisjonsdato	Sign.	Rev. dato
Firma			
Firma	Der Mulvik AS	Serial:	20 07 49 30
Postboks	Holmen 7	Direkte:	20 07 49 35
Benkeboeneste	Holmen 7	Mob:	91 10 34 95
Postnr. ledd:	6102 Volda	E-post:	andreas@mulvik.no
Org.nr.:	94 1887 516		

Prosjektnavn:  
**Parkering Oppigarden/Sollida**

Oppstapningsnr:  
Volda kommune, komm.teknisk avd.  
Stormyra 2  
6100 Volda

Prosjektleder:  
 **mulvik**  
www.mulvik.no


Tittel		Tekning nr.
Situasjonsplan		AN
		Utsk: 07.10.15
		Kurs: av. JMD
		Dato: 01.10.15
		Forfatter/tekn:

Tekningstype:  
**Byggemeldingsteikning**

Prosjekt nr.	Tekn. nr.	Målestokk	Rev.
2162	C-100	1:500	



25



6802400

680

348500

348700

Revisjon	Risikostilskilt	Sign.	Rev dato
Firma		Firma: Mulvik AS Postboks: Holmen 7 Postadresse: Holmen 7 Postnr / post: 6100 Volda Org nr: 941 987 616	Telefon: 70 07 49 80 Faks: 70 07 49 98 Mob: 91 10 34 05 E post: endres@mulvik.no
Prosjektnavn			
Parkering Oppigarden/Sollida			
Utdragsnavn			
Volda kommune, komm.teknisk avd. Stormyra 2 6100 Volda			
Prosjektleder			
 <a href="http://www.mulvik.no">www.mulvik.no</a>			Tiltaksnr: AN Dato: 01.10.15 Kart av: AAO Dato: 01.10.15 I tillegg tekst:
Tilkningsstipe			
Byggemeldingsteikning			
Prosjektnr.	Tegn.nr.	Målestokk	Rev.
2162	B-100	1:750	



## SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Asbjørn Moltudal

Arkivsak nr.: 2015/2573

Arkivkode: N40

Utvalsaksnr

Utval

Møtedato

29/16

Formannskapet

### INNFØRING AV FLYSKATT - HØYRING

#### Administrasjonen si tilråding:

Volda formannskap syner til at Toll- og avgiftsdirektoratet har sendt ut endringar i forskrift 11. desember 2001 nr 1451 om særavgifter (særavgiftsforskrifta) som fylgje av Stortinget sitt vedtak 14. desember 2015 om flypassasjeravgift.

Det vert vidare synt fråsegna frå Ørsta Næringskontor d.s. 04.02.2016 og skrivet frå NHO Luftfart d.s. 22.12.2015 om dei regionale konsekvensane ved innføring av flyskatt. Ein syner også til at vedtaket synest å vere gjort utan forutgåande prosess/konsekvensanalyse av moglege samfunnsmessige, økonomiske og miljømessige konsekvensar ved ei innføring av ei slik avgift.

Volda kommune vil på bakgrunn av dette sterkt frårå innføring av flyskatt slik det no er lagt opp til.

#### Vedlegg:

1. Skriv frå Toll- og avgiftsdirektoratet d.s. 21.12.2015
2. Skriv frå NHO Luftfart d.s. 22.12.2015 vedkomande Høring om innføring av flyskatt – regionale konsekvensar
3. Skriv frå Ørsta Næringskontor d.s. 04.02.2016 vedkomande Uttale til høring – flypassasjeravgift m.m.

#### Samandrag av saka:

Toll- og avgiftsdirektoratet har sendt ut endringar i forskrift 11. desember 2001 nr 1451 om særavgifter (særavgiftsforskrifta) som fylgje av Stortinget sitt vedtak 14. desember 2015 om flypassasjeravgift.

Rådmannen er sterkt kritisk til innføringa av flyskatt slik det no er lagt opp til utan forutgåande prosess/konsekvensanalyse av moglege samfunnsmessige, økonomiske og miljømessige konsekvensar og vil frårå innføring.

**Saksopplysningar:**

Toll- og avgiftsdirektoratet har sendt ut endringar i forskrift 11. desember 2001 nr 1451 om særavgifter (særavgiftsforskrifta) som fylgje av Stortinget sitt vedtak 14. desember 2015 om flypassasjeravgift.

Ørsta Næringskontor har på vegner av Volda og Ørsta kommune utarbeidd fråsegn i saka. Skrivet d.s. 04.02.2016 fylgjer vedlagt til vitande.

NHO Luftfart har også utarbeidd eit skriv d.s. 22.12.2015 der dei er svært kritisk til innføring av flyseteavgifta. Skrivet fylgjer vedlagt til vitande. Om avgifta går det m.a. fram i skrivet frå NHO Luftfart:

*Statsbudsjettet for 2016 er nå vedtatt, etter at Stortingets budsjettbehandling ble avsluttet 18. desember 2015. I budsjettvedtaket1 er det besluttet at det skal innføres en flyseteavgift på 80 kroner (pluss 10 prosent mva) på flyreiser fra norske flyplasser2. En flyseteavgift på 88 kr betyr i utgangspunktet et prispåslag på grovt sett 10 prosent på snitt flypris innenlands. For utlandsflyginger blir situasjonen en litt annen – her settes kun avgiften på flygingen ut av Norge, og denne avgiften vil heller ikke være momsbelagt. Det er altså norsk innenriks luftfart som vil ta den største belastningen av innføringen av denne flyseteavgiften som etter våre beregninger vil gi en årseffekt på vel 2 milliarder kr (effekt blir 1,2 milliarder i 2016 med oppstart 1. april) inkludert effekt av moms. Denne avgiftsøkningen vil ramme flyselskapenes lønnsomhet hardt – noe som igjen vil gi kutt i de minst lønnsomme rutene i vårt langstrakte land.*

*Storingsvedtaket er nå fra Regjeringens side fulgt opp gjennom Toll- og avgiftsdirektoratets høring om forslag til forskrift om innføring av en flypassasjeravgift. Høringsfristen er satt til 21. februar 2016. Avgiften skal etter planen tre i kraft fra 1. april 2016.*

**Vurdering og konklusjon:**

Rådmannen syner til dei skriva som er nemnt ovanfor, og vil med bakgrunn i at det kan synast som om stortingsvedtaket er gjort utan forutgåande prosess/konsekvensanalyse av moglege samfunnsmessige, økonomiske og miljømessige konsekvensar ved ei innføring av ei slik avgift, frårå at innføringa av ei slik avgift skjer no.

**Helse og miljøkonsekvensar:**

Ikkje nok klarlagt

**Økonomiske konsekvensar:**

Det vil bli dyrare med flygingar til og frå Hovde.

Rune Sjurgard  
Rådmann

Asbjørn Moltudal  
Rådgjevar

**Utskrift:**

Skattedirektoratet, Rettsavdelingen – Særavgiftsseksjonen, Postboks 9200 Grønland, 0134 Oslo  
Toll- og avgiftsdirektoratet postboks 8122 Dep. 0032 Oslo  
Møre og Romsdal Fylkeskommune, samferdselsavdelinga  
Ørsta kommune  
Ørsta Næringskontor



TAD / Toll- og avgiftsdirektoratet  
TAD / Særavgiftsavdelingen  
TAD / Særavgiftsseksjonen

Vår ref: 15/84353-3 | Arkivkode: 470  
Vår dato: 21.12.2015 | Deres dato:  
Deres ref:

Høringsinstanser iht liste

### Høring - flypassasjeravgift - endring av forskrift 11. desember 2001 nr. 1451 om særavgifter

Toll- og avgiftsdirektoratet foreslår på vegne av Finansdepartementet med dette endringer i forskrift 11. desember 2001 nr. 1451 om særavgifter (særavgiftsforskriften) som følge av Stortingets vedtak 14. desember 2015 om flypassasjeravgift. Vi viser til vedlagte høringsnotat.

Direktoratet ber om høringsinstansenes merknader innen **21. februar 2016**. Vi ber om at høringsinstansene vurderer behovet for å forelegge høringsbrevet for underliggende etater/enheter. Høringsinnspillene bes sendt til Skattedirektoratet, Rettsavdelingen - Særavgiftsseksjonen, Postboks 9200 Grønland, 0134 Oslo, da forvaltningsansvaret for denne typen avgifter overføres til skatteetaten med virkning fra 1. januar 2016.

Med hilsen

Arvid Stokke  
fung. avdelingsdirektør

Linn Murem Humerfelt  
fung. underdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent.

Postadresse:  
Postboks 8122 Dep  
0032 OSLO

Besøksadresse:  
Schweigaards gate 15  
Oslo

Org.nr: 974761343  
E-post: [post@toll.no](mailto:post@toll.no)  
Internett: [www.toll.no](http://www.toll.no)  
Sentralbord: +47 22 86 03 12

Vår saksbehandler:  
Linn Murem Humerfelt  
Tlf. direkte:

## Høringsnotat – endring av særavgiftsforskriften – flypassasjeravgift

Toll- og avgiftsdirektoratet sender på vegne av Finansdepartementet på høring forslag til endringer i forskrift 11. desember 2001 nr. 1451 om særavgifter (særavgiftsforskriften) for å gjennomføre Stortingets vedtak om å innføre en flypassasjeravgift.

### 1. Innledning og bakgrunn

Stortinget fattet 14. desember 2015 følgende vedtak:

#### *«Flypassasjeravgift*

##### § 1

*Fra den tid departementet bestemmer skal det i henhold til lov 19. mai 1933 nr. 11 om særavgifter betales avgift til statskassen på erverosmessig flyging fra norske lufthavner med kr 80 per passasjer.*

*Departementet kan gi forskrift om hva som omfattes av avgiftsplikten og om grunnlaget for avgiften.*

##### § 2

*Det gis fritak for avgift på flyging av*

- a) luftbefordrerens ansatte på tjenestereise,*
- b) barn under to år,*
- c) transitt- og transferpassasjerer.*

*Departementet kan gi forskrift om gjennomføring, avgrensing av og vilkår for fritak.*

##### § 3

*Oppstår det tvil om omfanget av avgiftsplikten, avgjøres spørsmålet av departementet.*

##### § 4

*Departementet kan frita for eller sette ned avgiften når det oppstår enkelttilfeller eller situasjoner som ikke var overveid da avgiftsvedtaket ble truffet og når avgiften i det spesielle enkelttilfellet får en utilsiktet virkning.»*

Stortingets vedtak 14. desember 2015 innebærer i hovedtrekk en gjeninnføring av den avgiften som var på flyging av passasjerer frem til april 2002, jfr. det som sies i pkt. 3 om tidligere avgifter på flyging i Norge. Avgiften skal tre i kraft 1. april 2016.

De nærmere reglene om avgiften, herunder avgiftspliktens omfang og avgiftsberegning, vil fremgå av særavgiftsforskriften kapittel 3-22. Høringen gjelder forslag til endringer i forskriften.

I punkt 2 redegjøres det kort om luftfartssektoren i Norge og eksisterende virkemidler på avgiftssiden, før det i pkt. 3 og 4 redegjøres for tidligere avgifter på flyging i Norge og avgifter på flyging i andre land. I pkt. 5 redegjøres det for forslaget til endringer i særavgiftsforskriften som følge av Stortingets vedtak om avgift på flyging. De økonomiske

og administrative konsekvensene ved forslaget belyses i pkt. 6. Selve endringsforslagene er tatt inn i pkt. 7 nedenfor.

## **2. Luftfart i Norge, eksisterende virkemidler og reguleringer**

### **2.1 Kort om luftfartssektoren i Norge**

Ifølge Statistisk sentralbyrå (SSB) var det 27,5 millioner passasjerer som fløy fra norske lufthavner i 2014, og av disse fløy 16 millioner til innenlandske lufthavner. Tallene omfatter også transfer- og transittpassasjerer. Innenriksreisene er likt fordelt mellom arbeidsbetingede reiser og fritidstrafikk (Transportøkonomisk institutt *Reisevaner på fly 2013*). Ifølge NHO Luftfart (2011) er 13 % av reisene som ikke går til utenlandsk lufthavn, knyttet til olje- og gassvirksomheten. Det er årlig rundt 700 000 passasjerer til og fra kontinentalsokkelen (Avinors passasjerstatistikk for 2014). Det fraktes årlig 126 000 tonn gods og post. Det flys årlig 400 000 pasienter med rutefly og 32 000 pasienter med ambulansefly (NHO Luftfart).

Ifølge Avinor er det nær 28 000 ansatte i luftfartsnæringen og på lufthavner i Norge. Oslo lufthavn representerer om lag 45 pst. av dette. Det er i tillegg flere underleverandører tilknyttet luftfartsnæringen. Luftfartsnæringen har også betydning for annet næringsliv som benytter seg av flytransport.

Luftbefordrere verden over har forskjellige typer samarbeid (*Transatlantic airline alliances: Competitive issues and regulatory approaches, A report by the European Commission and the United States Department of Transportation, 16 November 2010*). Samarbeid kan ha innvirkning på konkurransesituasjonen. Den laveste graden av samarbeid kalles interlining, som innebærer at ett flyselskap kan utstede billetter til et annet flyselskaps ruteflyginger, og på den måten fungere som agent for sistnevnte flyselskap. Det høyeste nivået av samarbeid er fusjonslignende integrasjon, der selskapene deler inntekter, kostnader og overskudd mellom seg. Mellom disse ytterpunktene ligger kodedeling (code sharing), som innebærer at et visst antall seter i en flyging, for eksempel Lufthansa-flyging, kan selges av en annen luftbefordrer under sistnevntes IATA-kode, for eksempel SK (Scandinavian Airlines System (SAS)), dersom det foreligger avtale om dette. Slik kodedeling innebærer at en kunde kan bestille en reise fra A til C via B under én luftbefordrers IATA-kode, selv om dette eventuelt innebærer at strekningen fra B til C er en transferflyging som flys av luftbefordrerens samarbeidspartner. Vi viser til pkt. 5.4.3 om transitt- og transferpassasjerer.

### **2.2 Antall luftbefordrere på norske lufthavner**

NHO Luftfart har 40 medlemsbedrifter. Dette omfatter hovedsakelig norske, men også utenlandske luftfartøysoperatører (luftbefordrere). Det er imidlertid langt flere enn 40 luftbefordrere som har avganger fra norske lufthavner årlig. Data hentet fra Avinor sine nettsider kan tyde på at det er i overkant av 700 forskjellige luftbefordrere som flyr fra norske lufthavner årlig. Vi viser til det som sies nedenfor i pkt. 5.5 om registrering.

### **2.3 Eksisterende avgiftsvirkemidler i luftfart**

Luftfarten er i dag omfattet av flere særavgifter hvor inntektene går til statskassen. I 2016 skal det betales CO<sub>2</sub>-avgift med 1,08 kroner per liter mineralolje som luftfartøyet benytter i innenriks fart, samt svovelavgift med 13,3 øre per liter mineralolje per påbegynt 0,25 prosent vektandel svovel. Dersom en Boeing 737 med 132 seter eksempelvis forbruker

3,5 liter mineralolje per sete per 100 kilometer, og luftfartøyet flyr fra Oslo til Trondheim (ca. 400 kilometer), vil dette gi et drivstofforbruk på 1 848 liter, noe som gir en CO<sub>2</sub>-avgift på kr 1 996 (satsen for 2016). Svovelavgiften for turen vil, forutsatt at oljen inneholder svovel mellom 0,05 og 0,25 prosent vektandel, utgjøre 246 kroner. Det skal i utgangspunktet betales grunnavgift på mineralolje mv, jfr. Stortingets vedtak, men flyparafin er ikke omfattet av avgiften. Ingen av de nevnte norske avgiftene betales på drivstoff til utenriksflyginger.

Det er kvoteplikt for flyginger til og fra lufthavner innad i EØS-området. Kvotepreisen er for tiden nærmere 80 kroner per tonn CO<sub>2</sub>. Kvotekostnaden for eksempelet over anslås å utgjøre om lag 363 kroner.

Videre skal det betales NO<sub>x</sub>-avgift for utslipp fra luftfartøyets fremdriftsmaskineri når samlet installert effekt er på mer enn 750 kilowatt. Avgiften vil i 2016 utgjøre 21,17 kroner per kilogram nitrogenoksider som slippes ut. Det skal kun betales avgift for flyginger mellom to norske landingsplasser, mellom norsk landingsplass og kontinentalsokkelen, og mellom norsk landingsplass og Svalbard og Jan Mayen. Dersom man legger til grunn et NO<sub>x</sub>-utslipp på 0,24 gram per passasjerkilometer (SSB *Direkte energibruk og utslipp til luft fra transport i Norge*), vil et fly med 132 passasjerer slippe ut ca. 12,7 kilogram NO<sub>x</sub> på reisen mellom Oslo og Trondheim. Dette vil, forutsatt at utslippet skjer i landing- og take off-fasen, gi en NO<sub>x</sub>-avgift på kr 268 for turen.

Luftbefordrere som benytter norske lufthavner betaler i tillegg fire forskjellige avgifter til Avinor som skal dekke kostnadene ved bruk av lufthavnen. Disse avgiftene er altså å anse som betaling for en tjeneste, og har derfor et annet formål enn flypassasjeravgiften, som er en særavgift eller en indirekte skatt, som Stortinget nå har vedtatt.

Avgiftene som Avinor krever inn består av startavgift, passasjeravgift, sikkerhetsavgift og avisingsavgift, jfr. forskrift 12. november 2014 nr. 1423 om avgifter på lufthavnene til Avinor AS. Startavgiften differensieres etter vekt, avgangssted og destinasjon, og er fra kr 13 til kr 68. Passasjeravgiften er på kr 54 per avreisende passasjer uansett destinasjon, og gjelder også transferpassasjerer. Det er ikke passasjeravgift for luftbefordrerens ansatte, passasjerer under 2 år, transittpassasjerer og når luftfartøyet returnerer på grunn av værhindringer. I tillegg er det unntak fra avgiften for flyging til kontinentalsokkelen fra utvalgte lufthavner. Sikkerhetsavgiften er på kr 56 per passasjer, og avisingsavgiften regnes ut fra mengden glykol som benyttes til avising.

Avgiftssubjekt er luftfartøyets eier eller lisensiert operatør, eventuelt bruker av luftfartøyet eller fartøysjefen. Det er i forskriften gitt detaljerte regler om dokumentasjon og innrapportering av avgiftene.

Det er gitt enkelte unntak fra samtlige avgifter. Dette gjelder militær flyging, offisielle reiser foretatt av monark, statsoverhode, regjeringssjef og ministre, flyginger til/fra Svalbard og Jan Mayen når luftfartøyet brukes av staten til ikke-erhvervsmessig formål, utenlandsk diplomatisk flyging, flyging i forbindelse med kalibrering, redningstjenesteflyging og glide-/seilfly. Avinor kan dessuten i enkelte særlige tilfeller gi reduksjon i avgiftene.

### 3. Tidligere avgifter på flyging i Norge

Norge innførte i 1978 avgift på charterreiser med fly. Avgiften var på kr 100 per passasjer. I 1994 byttet avgiften navn til «avgift på flyging av passasjerer til utlandet», og avgiftssatsen ble satt til kr 60 per passasjer. I april 1995 ble avgiftsplikten utvidet til også å gjelde innenlandsreiser. I april 1998 ble avgiften omlagt til en avgift basert på antall passasjer seter i flyet, uavhengig av om setene ble brukt i den aktuelle flygingen. I juni 1999 ble avgiften igjen lagt om til en avgift på passasjerer. Satsene var nå kr 228 per passasjer for utenlandsflyginger, og kr 114 for flyginger i Norge mellom Oslo og Bergen, Kristiansand, Stavanger og Trondheim. Avgiften ble avvirket fra og med 1. april 2002. Inntekten fra denne avgiften var om lag 1,4 milliarder kroner i 2001.

### 4. Avgift på flyging i andre land

Flere land i Europa har avgift på flyging, herunder Storbritannia og Tyskland, samt Østerrike, Frankrike, Italia, Bosnia og Serbia. Satsene varierer. Avgiftene har også varierende begrunnelse, men i hovedsak er avgiftene begrunnet i miljøhensyn.

#### 4.1 Air Passenger Duty i Storbritannia

Storbritannia har hatt Air Passenger Duty fra 1994. Avgiftsplikten oppstår ved luftfartøyets avgang.

Passasjer er definert som enhver om bord i avgiftspliktig luftfartøy, som ikke dekkes av et avgiftsfritak. Passasjeren trenger ikke å ha betalt for reisen for at avgiftsplikt skal oppstå.

